

TAKK, STORE GUD.

Min Gud, for ein ufortent nåde det var  
Du synte dei framfarne åri.  
På Frelsaens forbøn Du kjærleg gav svar,  
og lakte dei verkjande sári  
eg fekk på ei tankelaus, syndefull ferd  
i gjennom ei vond og ei vandskeleg verd.

I heile min ungdom eg stod Deg i mot.  
På villstig eg åri lét driva.  
Eg trødde di frelsa og kall under fot.  
Men endå so lét Du meg liva.  
Du sette meg attpå, eit nåderikt bel,  
og lét meg kje enda i myrkret hjå hel.

Nei, Du gav kje opp. Du var etter meg stødt.  
Cg jamt under sjukdom og trengsla.  
Men det som åleine av kjøtet er født,  
er bunde av kjøtet si stengsla.  
Di lét Du ein livsmorgon over meg gry,  
då underet hende: Eg føddest på ny.

Du makta det under, trass motstand frå meg.  
Cg verket Du gjorde åleine.  
Du leidde meg bort frå min undergangsveg,  
og inn på den rette og beine.  
Med makt som eg aldri han heilt ut forstå.  
Din kjærleik det var som vann over meg då.

No Frelsaens soning vart heile mi von.  
- Mi rettferd, udugande funnen. -  
Men naken og fatig, i tru på din son,  
eg står på den sviklause grunnen  
som Du i di miskunn og kjærleik hev lagt,  
og grunna på Frelsaens livsverk og makt.

Hav takk då, min Gud for det verk Du hev gjort,  
som Du og ein dag vil fullenda.  
For meg er det største av alt som er stort  
om kraft til min død Du vil senda.  
So eg i frå verdi sin dårande sveim  
kan lukkeleg, frelst, til din Himmel nå heim.

Johs.M.L.Rydland.